

## **Referat frå foreldremøte for 1. klasse.**

Torsdag 27. april 2017 kl. 18 – 19.30

### **Første del av møtet var felles med 2. klasseforeldra**

Me starta med 10arvenn songen som er dagleg i bruk no. Denne finn de på youtube om de vil bruka den heime.

### **Informasjon frå kontaktlærar;**

#### **Nokre høgdepunkt frå året som har gått.**

Skulestart, alltid magisk, med spente born, foreldre og lærarar.

Turen til Velandseggje; kombinasjon, sjø, fjell, oppleving av å meistra Forutprosjktet, då alle sydde seg ein Yeti. Mestringa av å sy.. og talde pengane..

Kosetime før haustferien; Fruktspyd

Opplevinga eg som lærar har når eg kan fanga dei i høgtlesingsituasjonar

At dei er så «læreneme»: Alt kan dei læra!! Oppleving å sjå når dei mestrar, t.d pensumarket, engelsk..

Når dei opptrer på morgonsamling, til jul, på matstova. ...stolt lærar.. Power impro under hellaren.

Bydagen; opplevinga , at dei var så disiplinerte, kom fort på plass, holdt rekka (eg hara lova dei ein premie)

Det er eit høgdepunkt å sjå at dei er omsorgsfulle med kvarandre; hentar hjelp, trøstar, støttar, stryk..

### **Handlingsvegledar for betre tverrfagleg innsats (BTI)**

Dersom me lurar på om eit barn treng hjelp, er me pliktige til å gjera noe med det. Me har en Handlingsvegledar i kommunen, med ein framgangsmåte me skal følgja, dersom me meiner at barn treng hjelp. Kommunen har eit tverrfagleg team som skal trø til dersom det er saker me treng å drøfta eller undersøkja.

På Lindås kommune si heimeside og under skulen si heimeside finn de informasjon om dette. Foreldre skal vera kjende med dette.

Etter Dark room avsløring, tok eg opp dette temaet om seksuelle overgrep, med borna.

Eg brukte ord som når vaksne gjer kjæresteting med born. Det er heilt forbudt! Viss vaksne seier at :viss du seier dette til nokon så... Det er å trua. Det er ikkje lov. Sei i frå til nokon du kan stola på.

### **Temaveke; Byen vår**

To temaveker for året; i Haust var det frå jord til bord. No; Byen vår Vis ei prosjektbok og fortel korleis me førebudde oss til byturen og kva me fokuserte på.

### **Oppsummering av foreldremøtet som Barnevakten hadde i Mars.**

#### **Kva lærte me av dette?**

Forledra syntes dette hadde vore lærerikt. Det var informativt, ikkje strengt og fordømmande.. Viktige ting: Skjermfri tid før leggjing.. følgja anbefalte akdergrenser, set deg inni kva borna held på med, spør dei kva dei har spelt!

### **Vennebenken**

Her kan dei som ikkje har nokon å vera med, setja seg. Så ser dei andre kven som har bruk for å verta tatt med i leik.

## Når 1. klasse var åleine

### Informasjon om obligatiske kartleggingsprøvar i norsk og matte som me har tatt nyleg

Då har me gjennomført nasjonal kartlegging i norsk og matte, den som eg viste på foreldremøtet i haust.

Når elevane starta i haust, var utgangspunkt at bokstavkunnskapen var varierande. Eg valgte å ikkje følgja råd om hurtigprogresjon i boksatavinnlæringa og starta ikkje heller med liten skrivebokstav.

På foreldresamtalane om 2 veker skal me sjå på resultata for den enkelte. Nesten alle klarte nesten alt!

I matte kunne dei få 50 poeng. Ingen fekk det. Mange låg tett opptil.

Det er eit trykk på skulane om å meistra. Me vert oppfylgd av skuleleiinga i kommunen om våre resultat. Og dei vil fylgja opp lærarar som får därlege resultat. Eit slikt møte skal vera 4.mai. Då skal eg forkalar korleis me har jobba og kva tiltak eg har sett i gong utfrå resultata.

### Oppfylging av norsk og mattefaga

På baksida av planen ser de korleis me jobbar i timane. Me har no delt elevane i i grupper, der dei jobbar på stasjonar. Gruppene er

- praktisk matematikk der me fokuserer på forståing og jobbar med konkreter
- Matematikk som skal automatisera tal, pluss og minus, tiarvenner..
- Stillelesing

Borna er delt i grupper alt etter kva dei har bruk for å jobba med.

Læringstrykk: I første klasse skal elevane **læra å lesa**. Det trengs mykje øving. Og mange repetisjonar. Dei skal gå frå fonologisk til ortografisk stadie.

Tips frå Roy Tomassen på PPT, er å drilla 100 høgfrekvente ord. Desse skal lesast med flyt, dvs at borna ser og hugsar ordet utan å måtte lydere.

I matematikk skal elevan automatisera pluss og minus med tal opptil 10. Tiarvenner, pluss alt anna., utan å måtta telja.

2. klasse: automatisera pluss og minus opptil 20.

Berre å øva! Dette har borna att for resten av livet. Multi nettsider har gode drilloppgåver.

### **Samanhengande skrift**

Eg presenterte og forklar forskjellar og likhetar, fordelar og ulemper. Me drøfta litt fram og tilbake om kva som kunne vera lurt å velja. Ein avstemning gjorde at valet vart lykkjeskrift.

### **Informasjon om arbeidet med mappene.**

Eg viste ei mappe og berre fortalte at me hadde jobba med måla i mappa og hadde no fylt ut måla i norsk og eit stykke utover med måla for sosial kompetanse. Måla i matte tar me som ei oppsummering på slutten av året.

### **Litt om det sosialelivet i klassen**

Nokon heng tett saman, andre kan leika med alle. Ingen er ufrivilleg åleine. Dei er omsorgsfulle, men og vera litt kvassar i kommentarane. Dei som virkar utrulege rølege og avbalanserte kan plutselig gjerar noko som ein ikkje skulle tru dei kunne finna på..

Kva tenkjer de? Kva høyrer de? Er det noko me må ta tak i ? Me kjem tilbake til dette på foreldresamtalane i veke 19. Spør ditt barn korleis de har det med dei andre.

## **Val av klassekontakt for neste skuleår.**

1.klasse skal valde ny varamedlem for 2 år: Anette Myrmel Fagna.

## **Innspel til stort foreldremøte i juni**

Meld til Torbjørn Refsdal dersom de har saker som er aktuelle for stort foreldre møte som er 6. juni.

Det kom fram ynskje om å byta skulefotograf. Kallekleiv foto vart føreslått som erstatning for dei me har bruk i år. Foreldra undersøkjer om det er interesse for omfotografering av førsteklassingane for inneverande år.

